

## Pressemelding:


Oslo 06.02.2018

**Meir enn 1300 studium og 56 970 studieplassar ved 27 lærestadar ventar søkjarar til høgare utdanning i 2018.**

6. februar opnar det samordna opptaket til landets høgskular og universitetar. Søkjarar kan velje mellom meir enn 1300 studium fordelt på 27 høgskular og universitetar i Noreg. Alt med éin søknad.

Å søkje opptak til høgare utdanning er eit krevjande val for mange. Derfor får søkjarane god tid til å bestemme seg. Den ordinære søknadsfristen er 15. april. Både Samordna opptak og lærestadane står klare til å hjelpe med råd og informasjon undervegs i søkjesprosessen.

«Dei seinare åra har opptakssystemet og støttesystem blitt digitalisert. Det har gjort det enklare å søkje samstundes som det har blitt enklare og meir effektivt å handsame søknadane», seier seniorrådgjevar Geir Sverre Andersen i Samordna opptak.



I år er meir enn 56 970 studieplassar tilgjengelege for søkjarar. Tal frå tidlegare år viser ei jamn auking i søkinga til utdanning gjennom Samordna opptak.

For meir informasjon om det samordna opptaket 2018, sjå [www.samordnaopptak.no](http://www.samordnaopptak.no) eller [siste pressemeldingar](mailto:kristian.folkman@ceres.no) frå Kunnskapsdepartementet.

Henvendelser:

Informasjonsrådgiver Samordna opptak:  
tlf. 954 68 108 / 22 84 18 25 eller [kristian.folkman@ceres.no](mailto:kristian.folkman@ceres.no)